



**Morsdagsgimmicken med brukte bh-ar på brua var vellukka, den vart til og med sendt i radiokanalen P4 av moromennene Golden og Antonsen. uskedalen.no har fått spørsmål frå fleire om kva som blir det neste frå det kreative miljøet i bygda og med det neste siktar dei til Kvinnedagen som er 8. mars,**

Vi har hatt kontakt med leiaren for bh-aksjonen som førebels ikkje har vurdert nokon aksjon i samband med Kvinnedagen. Vedkommande, som framleis er og vil forbli anonym i dette organ, er imidlertid open for gode idear som kan slå an.

uskedalen.no kan gjerne formidla ideane. Men dei bør vera hos oss i god tid før 8. mars.

At morsdagsgimmicken var det ein i journalistkretsar kallar godt stoff vart bekrefta av statistikken vår. Talet på dei som var inne og las spratt godt over 2000. Det er ikkje ofte det skjer, som regel berre når det har vore ulukke.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen